

# Årsbudsjett 2021 og økonomiplan for 2021 - 2024



## Innhold

1. Innleiing og samandrag.....	1
1.1 Samandrag .....	1
1.2 Økonomiske mål .....	2
1.3 Økonomiske utfordringar i perioden .....	2
1.5 Rammer for driftsbudsjettet.....	3
2. Grunnlaget for budsjettet.....	3
2.1 Hovudmål for Gloppen kommune .....	3
2.1.3 Dei viktigaste områda for Gloppen i 2021 .....	4
2.2 Folketalsutvikling og alderssamansetting.....	4
2.3 Prognose for folketalsutviklinga fram til 2040.....	5
2.4 Kommunen sine frie inntekter .....	6
2.5 Renter og avdrag.....	7
2.6 Andre inntekter og utgifter på finansieringsansvaret .....	7
2.7 Finanspostar.....	7
3. Til fordeling på drift .....	9
3.1 Finansiering og rammer .....	9
3.2 Fordeling mellom utvala i 2021 .....	9
4. Nærare om kvart rammeområde .....	10
4.1 Formannskapet sitt budsjettområde .....	10
4.2 Oppvekstutvalet sitt ansvarsområde.....	16
4.3 Helse- og omsorgsutvalet sitt budsjettområde .....	21
4.4 TMK-utvalet sitt budsjettområde .....	27
5. Investeringsbudsjettet.....	43

## 1. Innleiing og samandrag

### 1.1 Samandrag

Med den noverande kunnskapen vår om dei økonomiske rammene for 2021, vil vi sjå ei forverring av kommuneøkonomien i Gloppen. Den viktigaste årsaka til forverringa er at kommunen sine driftsinntekter vert reduserte med 25,8 millionar kroner. Dei frie inntektene aukar med 1,7 millionar kroner til ca. 400,3 millionar. Kommunedirektøren gjer framlegg om ein auke i eigedomsskatten frå 3,3 promille til 4,3 promille. Dette aukar inntektene til kommunen med 3,5 millionar kroner i høve til inneverande år. Eigedomsskatten er foreslått auka vidare til 5 promille i 2022. Om Stortinget vedtek at grensa på maksimal eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader blir sett til 4 promille, vil dette redusere inntektene med 900 000 kroner i 2021, og ytterlegare 2,1 million kroner i åra 2022 til 2024.

Det er lagt inn statstilskot for 24 nye flyktningar på totalt 12,33 millionar i 2021. Det er nytta halvårseffekt på nye flyktningar. I tillegg vil det kome eventuell familietilflytting for flyktningar vi allereie har busett. Dette vil vere med på å auke inntektssida. Kommunedirektøren meiner at det vil vere ønskjeleg å setje av introduksjonsstønadene til bundne fond, for å sikre at midlane berre går til flyktningararbeid. Dette vil krevje ein større gjennomgang for sjå kven som skal få tildelt midlar i perioden 2021 – 2024. Om det viser seg at vi i dag nyttar midlane til anna enn flyktningar, så vil dette redusere resultatet.

Ramma til fordeling på sektorane vert 409 999 733 kroner.

Totalt vert ramma redusert med 3,8 %, eller 14,8 millionar samanlikna med revidert budsjett for 2020.

- Lønnsmidlane (eks. sosiale utgifter) går ned med 14,7 millionar (4,4%) i forhold til prognosen for 2020
- Kjøp av varar og tenester vert redusert med 4,6 millionar (3,5%)
- Inntektene går ned med 0,9 millionar (0,2%)
  - Av dette utgjer eingongseffektar knytt til koronamidlar 4,9 millionar kroner.

#### Kommunestyret sitt vedtak i tal

<i>Driftsinntekter:</i>	573 869 357,-
<i>Driftsutgifter:</i>	568 098 090,-
<i>Finansinntekter</i>	6 178 000,-
<i>Finansutgifter</i>	36 606 000,-
<i>Netto driftsresultat</i>	1 330 267
<i>Netto driftsresultat i % av driftsinntekter</i>	0,23%
<i>Bruk av bundne fond</i>	3 008 776,-
<i>Bruk av disposisjonsfond</i>	0,-
<i>Låneoptak intill</i>	30 000 000,-
<i>Differensiert eigedomsskatt for bustadar, våningshus og fritidsbustadar i høve til §12 a</i>	4 promille

Dette gjer at vi ikkje klarar å betale ned framført underskot frå 2019 og vil difor meldast inn i ROBEK frå og med 2021.

## 1.2 Økonomiske mål

Måla til Gloppen er følgjande:

- **Disposisjonsfond:** 5% av driftsinntektene
  - Gloppen kommune skal på sikt opparbeide seg eit disposisjonsfond på 5% av driftsinntektene
  - Bruken av disposisjonsfondet skal ikkje overstige 50 % i løpet av ein fireårsperiode
- **Netto driftsresultat:** Gjennomsnittleg 2 % i økonomiplanperioden for å opparbeide disposisjonsfond.
- **Gjelda bør** ikkje vere større enn 65% av driftsinntekter
  - Gjeld finansiert gjennom VAR-områda og husleige vert halde utanom

### Definisjonar:

**Disposisjonsfond** – Frie inntekter avsett. Dersom vi opprettar vedlikehaldsfond, pensjonsfond (i samband med premieavvik) eller forsikringsfond, er målet å ikkje rekne dette inn i storleiken på disposisjonsfondet. Det bør vere eit særskilt vedtak om vi skal nytte desse midlane til andre formål enn tiltenkt. For midlar som vert avsette til spesielle formål (som nemnd ovanfor) gjeld ikkje målsettingane.

**Netto driftsresultat** – VAR-området og gjeld knytt til sjølvfinansierte prosjekt bør ikkje reknast med i netto driftsresultat.

Gloppen kommune vil ikkje nå nokon av måla i økonomiplanperioden.

## 1.3 Økonomiske utfordringar i perioden

Inntektene til kommunen held fram med å gå ned. Lågare inntekter knytt til energi (sal av konsesjonskraft + utbyte frå eigarskapen i SFE/GE) og flyktningar (introduksjonstilskot) forklarar størsteparten av denne nedgangen. Koronapandemien fører dessutan til reduserte inntekter for kultursektoren.

### Innsparingar i 2021

Det var lagt fram tiltak for å redusere driftsutgiftene med 45,3 millionar kroner. Om lag 50 % var knytt til løn, og 30 % til reduksjon av finanskostnader gjennom realisering av aksjeverdiar for å betale ned gjeld. Totalt inneheld budsjettet 149 innsparingstiltak.

Det ble vedteke å ikkje sele aksjar. Forventa effekt på driftsbudsjettet (ekskludert finans og sosiale utgifter) er dermed på 19,3 millionar kroner i 2021. Løn utgjør her 14,7 millionar kroner av dette beløpet. Der dette har vore moglig er tiltaka iverksett i 2020.

Det er i tillegg vedteke å kutte 1,1 millionar kroner på Formannskapet sitt område i 2021 (og 2,3 millionar kroner frå 2022). Dette er ikkje med i tala og kjem som eigen budsjettjusteringssak tidlig i 2021.

### Lånegjeld og finanskostnader

Det er i tillegg lagt opp til eit investeringsbudsjett avgrensa til 50 % av kommunen sine avskrivningar. Dette inneber investeringar for rundt 11-12 millionar kroner i året (eksklusive sjølvkost og sjølvfinansierende prosjekt). Reduksjonen av nye investeringar reduserer rentebelastninga årleg med rundt 100 000 kroner. Med andre ord vil renta vere 300 000 kroner mindre i 2024 med same rentenivå.

## Alderssamansettinga

Personar over 67 år utgjer ein stadig større del av innbyggjarane i Gloppen. Konsekvensane av dette vil verte merkbare, men ha eit mindre omfang enn tidlegare prognoser tilseier. Tal frå Noreg og verda elles, tyder på at auka gjennomsnittsalder ikkje inneber lengre levetid med dårleg helse. I og med at dei eldre blir stadig fleire, vil det likevel bli eit større tenestebehov for tilrettelegging og hjelp i heimen. Å legge til rette for at fleire kan bu heime lenger, er viktig for å halde kommunen sine utgifter til helse og velferd nede.

Ei større utfordring for Gloppen er reduksjonen i tal innbyggjarar i aldersgruppa 45-66 år. Dette er den gruppa som genererer høgaste skatteinntekter for kommunen, og ein nedgang i denne gruppa vil ha negative konsekvensar for kommunen sitt inntektsgrunnlag. Dette skjer parallelt med at behovet for tilpassingar og hjelp i heimen aukar. Samla sett skaper dette ein krevjande situasjon for kommunen.

Ein annan trend er at kjønnsbalansen i Gloppen aukar. Nesten heile veksten i folketalet i Gloppen frå 2011 til 2020 kom blant menn. Dei siste ti åra har det blitt 33 fleire kvinner i kommunen. Når vi legg til grunn at nordmenn får barn seinare i livet (29,5 år for kvinner og 31,8 år for menn), og at talet på barn går ned (1,73 born per familie for Sogn og fjordane i 2018), blir kommunen avhengig av tilflytting for å kunne oppretthalde tenestene. På sikt vil reduksjonen i barnetal også føre til eit redusert behov for barnehageplassar og elevplassar i skulen. Gloppen kommune vil dermed, slik som ei rekkje andre kommunar, måtte vri ressursbruken frå oppvekstområdet mot helse- og velferdsområdet.

## 1.5 Rammer for driftsbudsjettet

Statsbudsjettet legg opp til at Gloppen kommune kan rekne med ein samla vekst i skatt på inntekt og formue og rammetilskot på 1,6 %. Av dette utgjer eingangseffektar knytt til koronatilskot 4,9 millionar kroner. Dette dekkjer ikkje forventa lønsauke. I kroner utgjer samla auke i skatt og rammetilskot 6,5 millionar kroner frå 2020 til 2021.

	Rekneskap-2019	Budsjett 2020	Budsjett-21
<b>Formannskap</b>	<b>29 811 807</b>	<b>23 439 000</b>	<b>32 736 316</b>
<b>Oppvekst</b>	<b>161 269 725</b>	<b>168 416 000</b>	<b>160 311 898</b>
<b>Helse og velferd</b>	<b>184 769 611</b>	<b>186 717 834</b>	<b>181 563 372</b>
<b>Teknisk</b>	<b>31 289 401</b>	<b>31 005 500</b>	<b>26 700 781</b>
<b>Kultur</b>	<b>17 604 443</b>	<b>19 334 000</b>	<b>15 497 324</b>
<b>Finans</b>	<b>-424 744 966</b>	<b>-428 912 334</b>	<b>-416 809 691</b>

Auken i formannskapet sitt budsjettområde skuldast endringar i rekneskapstekniske føringar. Intern fakturering vert avvikla, og korrigeringar som gjeld heile kommunen er ført på formannskapet sitt område i 2020.

## 2. Grunnlaget for budsjettet

### 2.1 Hovudmål for Gloppen kommune

Gloppen kommune har fire hovudmål definert i kommuneplanen sin samfunnsdel. Måla er som følgjer:

1. I 2030 er Gloppen i forkant og har ein utviklingskultur basert på samskaping mellom offentleg, privat og frivillig sektor.

2. I 2030 er Gloppen ein kommune med rike og rause livsmiljø.
3. I 2030 har Gloppen eit nytenkjande næringsliv og gode, attraktive arbeidsplassar.
4. I 2030 er Gloppen ein kommune som tek ansvar for klima og miljø.

### 2.1.3 Dei viktigaste områda for Gloppen i 2021

#### Gloppen skal vere i forkant og tilpassingsdyktig

For å vere i forkant er det nødvendig å identifisere kva utfordringar som kjem, når dei kjem, og korleis vi har tenkt å løyse dei.

#### Gloppen skal vere eit inkluderande samfunn

Det er viktig å halde på den norske dugnadsanda for å løyse framtidens utfordringar. Innan eldreomsorga må kommunen ta i bruk meir frivillig hjelp. Gloppen må legge til rette for ei sunn utvikling i frivillige organisasjonar og lag, og arbeide saman med desse for å løyse fleire oppgåver i framtida.

Åtte prosent av innbyggjarane i Gloppen har utanlandsk statsborgarskap. Det er særskild viktig at desse ikkje hamnar på sidelinja i samfunnet. Gloppen-modellen har vist seg å vere ein god metode for å integrere tilflyttarar. Kommunen ønskjer å sjå om denne modellen også kan fungere for å redusere utanforskapsprosenten i andre delar av samfunnet.

Sosial ulikskap aukar i Noreg. Samfunnet vårt er tufta på at der skal vere små sosiale skilnader. Aukande ulikskap fører ofte med seg auka kriminalitet, utanforskapsprosent og polarisering. Gloppen bør difor jobbe kontinuerleg med å redusere sosiale skilnader, og legge til rette for at alle kan delta i samfunnet ut frå sine eigne føresetnader.

#### Gloppen tar ansvar for ei berekraftig utvikling innan klima og miljø

Globale klimaendringar, og eit aukande press på urørt natur og miljøet rundt oss, er den største utfordringa verdssamfunnet står overfor. Gloppen er midt i denne verda, og må ta ansvar for ei berekraftig utvikling av lokalsamfunnet. Kommunen skal vedta ein miljø- og klimaplan i løpet av 2021. Denneskal innehalde tiltak for å redusere Gloppen-samfunnet sitt fotavtrykk på klima og miljø. Kommunen skal mellom anna stille strengare miljøkrav til innkjøpa våre.

## 2.2 Folketalsutvikling og alderssamansetting

Utviklinga av folketalet i Gloppen dei siste ti åra. Status per 1. januar. Kjelde: Statistisk Sentralbyrå (SSB).

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Endring
Menn	2 858	2 835	2 851	2 858	2 886	2 908	2 921	2 979	2 971	2974	+116
Kvinner	2 847	2 844	2 825	2 836	2 865	2 876	2 862	2 895	2 865	2880	+33
0 år	57	50	66	40	64	56	45	64	54	60	+3
1-5 år	312	315	306	319	308	314	306	307	310	314	+2
6-12 år	519	534	532	535	540	555	548	502	500	493	-26
13-15 år	258	243	211	217	241	233	241	267	267	255	-3
16-19 år	353	338	356	344	324	334	310	322	327	343	-10
20-44 år	1 566	1 558	1 552	1 584	1 599	1 575	1 600	1 640	1596	1577	+11
45-66 år	1 661	1 653	1 662	1 653	1 646	1 655	1 647	1 649	1641	1632	-29
67-79 år	567	576	599	619	650	685	726	745	784	821	+254
80-89 år	314	307	292	288	283	278	253	266	253	271	-43
90 år +	98	105	100	95	96	99	107	112	104	88	-10
<b>SUM</b>	<b>5 705</b>	<b>5 679</b>	<b>5 676</b>	<b>5 694</b>	<b>5 751</b>	<b>5 784</b>	<b>5 783</b>	<b>5 874</b>	<b>5 836</b>	<b>5854</b>	<b>+149</b>


## Årsbudsjett 2021 – økonomiplan 2021-2024

Endring	+9	-26	-3	+18	+57	+33	-1	+91	-38	+18	+149
I %	+0,2	-0,5	-0,1	+0,3	+1,0	+0,6	-0,02	+1,6	-0,6	+0,3	+2,6

Tabellen viser at folketallet i Gloppen har auka med 149 personar dei siste ti åra. Størsteparten av auken har skjedd dei siste fem åra. Auken er størst i aldersgruppa 67-79 år, medan talet på nyfødde er om lag det same som for ti år sidan.

### 2.3 Prognose for folketalsutviklinga fram til 2040

Den siste prognosen frå SSB for framskriving av folketallet etter alder fram til 2040 ser slik ut for Gloppen:



Prognosen som er lagt til grunn er «middels» for fruktbarheit, levealder, innanlands flytting og innvandring. SSB forventar ein reduksjon i folketallet fram til 2040 på til saman 214 innbyggjarar. Dette er ein forverring samanlikna med førre framskriving. Auken i tala for aldersgruppa 80+ er stor, og vil medføre behov for å endre kommunen sin ressursbruk mykje. Tala er like for dei fleste distriktskommunar på i Vestland fylke. Tala bak figuren ser slik ut:

Alder	2020	2021	2025	2030	2035	2040	Endring
0 år	60	51	49	49	49	49	-11
1-5 år	314	313	285	272	272	274	-40
6-12 år	493	484	473	453	417	419	-74
13-15 år	255	226	210	206	200	187	-68
16-19 år	343	351	308	276	276	252	-91
20-44 år	1577	1571	1566	1532	1438	1382	-195
45-66 år	1632	1609	1564	1491	1509	1487	-145
67-79 år	821	849	884	901	857	870	49
80-89 år	271	272	332	443	542	539	268
90 år +	88	89	79	91	124	181	93
<b>SUM</b>	<b>5854</b>	<b>5815</b>	<b>5750</b>	<b>5714</b>	<b>5684</b>	<b>5640</b>	<b>-214</b>

Det vil ikkje vere mogleg for ein kommune som Gloppen å halde fram med noverande drift og prioriteringar med ei slik utvikling i folketallet. Auken i talet på eldre kan føreseiast med stort

sannsyn, og denne utviklinga kan ikkje påverkast. Utviklingsarbeidet til kommunen må difor i all hovudsak ha som mål å halde oppe og helst auke folketalet i yngre aldersgrupper.

## 2.4 Kommunen sine frie inntekter

### Rammetilskot og skatt på inntekt og formue

I framlegget til statsbudsjett for 2021 er summen av rammetilskot og skatt på inntekt og formue rekna til 400 347 000 for Gloppen kommune. I høve til forventta inntekt i 2020, utgjør dette ein auke på 1 588 000 kroner. Det er i tillegg bevilgga 4 880 000 kroner i ekstra koronamidlar. Totalt får Gloppen kommune dermed 405 227 000 kroner i frie midlar, koronamidlane er nytta i ordinær drift.

### Eigedomsskatt

Eigedomsskattesatsen er foreslått auka frå 3,3 ‰ til 4,0 ‰ på bustader og fritidshus. På andre skatteobjekt vert eigedomsskatten føreslått framleis halden på 7 ‰. Skattegrunnlaget for bustader og hytter vart retaksert i 2017:

Bustader og fritidshus	11 694 000
Kraftanlegg	3 400 000
Næringseigedomar	5.000.000
Til saman	20 094 000

Eigedomsskatten er omstridd, og den sitjande regjeringa har jobba aktivt for å redusere/fjerne denne kommunale inntektskjelda.

Beløp i 1.000 kroner	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Eigedomsskatt	-17 454	-18 054	-20 094	-20 094	-20 094	-20 094

### Inntekter frå kraft

Dette omfattar konsesjonskraft, konsesjonsavgifter og utbyte på kommunen sine aksjar i SFE AS og Gloppen Energi AS. Det er berekna eit utbytte på 50 millionar kroner frå SFE AS. Hovudposten her er utbytte, noko som er vanskeleg å føreseie. Følgjande inntekter er lagt inn i budsjettframlegget:

	Ved sal av aksjar	Utan sal av aksjar
Falleige frå Byrkjelo Kraft AS	40.000	40 000
Sal av konsesjonskraft og medeigarkraft	400 000	400 000
Konsesjonsavgifter	645 000	645 000
Utbytte frå Gloppen Energi	0	1 400 000
Utbytte frå SFE	0	2 588 000
Utbytte frå SFE Holding (1,45 mill frå 2022)	1 100 000	1 100 000
<b>Til saman</b>	<b>2 185 000</b>	<b>6 173 000</b>

I frådrag kjem eit mindre beløp for medlemskapen i Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK). Konsesjonsavgiftene kjem frå Byrkjelo Kraft AS, Gloppen Energi AS og SFE Kraft AS. Utbytte på kraftaksjane er det sjølvstøtt råd å seie noko sikkert om på det noverande tidspunktet. Det er likevel verdt å merkje seg at magasineringa no er god, og at terminkontraktar for tida kan inngåast med låg kraftpris. Dette vil sjølvstøtt påverke innteninga til kraftselskapa både i inneverande og komande år. Ein kald vinter kan presse kraftprisen oppover.

Då sal av energiaksjane er lagt til grunn for budsjettet, er utbytte frå Gloppen Energi AS og SFE ikkje lagt inn. Dersom aksjane ikkje blir selde, er det kalkulert med at Gloppen Energi AS vil betale utbytte på 1,4 millionar for å dekkje kommunen sine kapitalutgifter på innløyingslånet på 26 mill. Dette vart



## Årsbudsjett 2021 – økonomiplan 2021-2024

teke opp då kommunen tok tilbake kraftstasjonane i Gloppeelva. Innløysingssummen vart omgjort til aksjekapital i samband med reorganiseringa av Gloppen Energi AS. Det er venta at SFE vil betale ut 1,6 millionar kroner i utbyte til Gloppen kommune dersom aksjane ikkje blir selde.

SFE har ein utbytepolitikk som tilseier at dei skal betale ut 75 millionar kroner minus investeringar. Dei siste åra har utbytet frå SFE blitt vesentleg redusert, med grunngeving i store investeringar.

I 1000 kroner	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Inntekter frå kraft (netto)	-7 520	-18 185	-6 211	-6 664	-6 664	-6 664

### Tilskot til flyktningar

Talet på flyktningar som skal busetjast i Noreg har gått kraftig ned dei siste åra. Dette fører til konkurranse mellom kommunar som ønskjer å busette nye flyktningar. Det er venta 24 nye flyktningar til Gloppen i 2021 med halvårseffekt. Det er forventa 12 flyktningar i året frå 2022.

I 1000 kroner	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Flyktingtilskot	-21 000	-16 410	-12 330	-12 054	-11 018	-9 024

## 2.5 Renter og avdrag

Renter og avdrag for 2021 er rekna ut etter regelverket for minste lovlege avdrag. Dette inneberom lag 26 millionar i avdrag før ekstraordinær nedbetaling av gjeld. Ein gjeldsnedgang på i overkant av 300 millionar fører til at minimumsavdraga går ned til rundt 15,4 millionar kroner. Dersom kommunen følgjer planen om å halde investeringane på nivå med 50 % av avskrivningane, vil avdraga ikkje auke i perioden.

i 1 000 kr	2020	2021	2022	2023	2024
Gjeld 01.01	665 728	749 728	723 628	724 728	726 728
Avdrag	26 000	26 100	26 100	26 100	26 100
Nye lån	110 000	0	27 200	28 100	24 250
Gjeld 31.12	749 728	723 628	724 728	726 728	724 878
Av dette sjølvkost*	178 363	197 363	216 363	234 363	252 363
Renteberande gjeld finansiert over drift	571 365	526 265	508 365	492 365	472 515
Rente risiko Δ 1 %	5 710	5 262	5 083	4 924	4 725
Renteberande gjeld i % av driftsinntekter	99%	91,7%	89,3%	86,8%	83,5%

\* Sjølvkost her rekna som VA og lån som finansierar seg sjølv (startlån, NTU bygget, osv).

Ein vel her å nytte tilskotet frå husbanken på ca. 30 millionar kroner til å finansiere prosjekt i 2021. Husbanklån til startlån er halde utanom. Tabellen visar at vi vil redusere renteberande gjeld som er finansiert over drift frå 571 millionar kroner til 526 millionar i 2021. Med låge investeringar i økonomiplanperioden, vil renteberande gjeld verte ytterlegare redusert med 53,7 millionar og ende på 473 millionar i 2024. Om renta aukar med 0,25 % i 2022, vil renteutgiftene til kommunen som må dekkjast over ordinær drift, auke med 1,3 millionar kroner.

## 2.6 Andre inntekter og utgifter på finansieringsansvaret

### Renteinntekter

Innlagt beløp er basert på ei forventning om at rentene held seg låge i heile økonomiplanperioden.

## 2.7 Finanspostar

### Premieavvik på pensjon

## Årsbudsjett 2021 – økonomiplan 2021-2024

Ordninga med premieavvik, som Gloppen kommune er med på, kom i stand for å fordele dei høge pensjonskostnadene over fleire år. Det er forventa eit netto premieavvik på rundt 10,6 millionar.

### **Kalkulatoriske kostnader på VAR-området**

Går ut. Blir ført i sjølvkostrekneskapen. Gloppen kommune nyttar Envidan Momentum til dette prognosearbeidet.

### **Disposisjonsfond**

i 1 000 kr	2021	2022	2023	2024
Disposisjonsfond pr. 01.01	0	0	0	0
Tilførsel	0	0	0	5 016
Disposisjonsfond 31.12	0	0	0	5 016

Som ein ser av tabellen ovanfor, så vil ikkje kommunen fylle på disposisjonsfondet føri i 2024. Det er sjølvsagt betydeleg uvisse knytt til dette, då dette føreset at vi treff 100 %med alle tiltak i heile perioden.

### 3. Til fordeling på drift



Basert på føresetnadane i kapittel 2, er det utarbeidd ein prognose for 2021 og resten av økonomiplanperioden fram til 2022 som ser slik ut:

#### 3.1 Finansiering og rammer

	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Formannskap	29 811 807	23 439 000	32 736 316	32 834 316	33 290 316	32 992 316
Oppvekst	161 269 725	168 416 000	160 311 898	154 630 376	154 755 376	154 755 376
Helse og velferd	184 769 611	186 717 834	181 563 372	180 084 372	179 548 372	178 778 372
Teknisk	31 289 401	31 005 500	26 700 781	26 060 781	26 060 781	26 060 781
Kultur	17 604 443	19 334 000	15 497 324	15 192 324	15 108 324	15 048 324
Finans	-424 744 966	-428 912 334	-416 809 691	-408 802 169	-408 763 169	-407 635 169
<b>Totalsum</b>	<b>21</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

#### 3.2 Fordeling mellom utvala i 2021

Grafisk ser fordelinga sektorane imellom slik ut i 2021-budsjettet



## 4. Nærare om kvart rammeområde

### 4.1 Formannskapet sitt budsjettområde

I 1000 kroner	Rekneskap 2019	2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Utvikling i netto ramme	29 812	23 439	32 736	32 834	32 290	32 992

Alle tenester (i 1000 kroner)	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
10000 Politisk styring	2 831	2 872	2 823
11000 Kontroll og revisjon	759	1 073	1 052
12010 Administrativ leiging	5 972	6 797	6 873
12020 Økonomiavdeling	4 920	5 934	5 852
12030 Servicetorg	1 886	1 968	1 953
12040 Felles IT - drift	5 376	5 523	6 060
12050 Skatteoppkrevjing	1 266	491	0
12060 Arkivtenesta	1 661	1 650	1 834
12070 Personalkontor	1 080	-9 953	997
12090 Anna felles drift	3 008	2 876	2 796
18000 Diverse fellesutgifter	155	105	40
23400 Aktivisering og støttetjeneste til eldre og funksjonshemma	0	0	-20
24200 Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid	37	30	21
26500 Kommunalt disponerte bustader	169	218	-1 487
28300 Etablering og oppretthalding av eige bolig	578	792	798
28500 Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde	-1 734	-648	-500
29000 Interkommunale samarbeid (§ 27 samarbeid)	0	0	0
30100 Behandling av plansaker	1 654	2045	2 134
32500 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet	44	1228	1 356
33000 Samferdslebedrifter/transporttiltak	150	260	153
Diverse festeavgifter	0	178	0
<b>T O T A L T</b>	<b>29 812</b>	<b>23 439</b>	<b>32 736</b>

#### Kort om kvar teneste

Tiltak under er tiltak som er gjennomgåande for alle utval

#### Tiltak i budsjett

<b>23</b>	Auke eigeidoms skatten med 0,7 promille	-2 040 000
<b>9000-1</b>	Avskrivning Omsorgsbygg	0
<b>9000-2</b>	Tilskot einslege mindreårige flyktningar	2 250 000
<b>9000-4</b>	Korrigering pensjon til KLP anslag	-2 921 500
<b>9000-21</b>	Reduksjon husleige T.hagen	-1 695 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019-nivå	-3 736 000
	<b>Total</b>	<b>-19 882 500</b>

#### Tiltak som ikkje er med

Det vart i tillegg vedteke at kommundirektøren skulle kutte 1,1 millionar kroner i 2021 på administrative stillingar. Dette aukar til 2,3 millionar kroner frå og med 2022. Kommunedirektøren vil leggje fram ein eigen sak tidlig i 2021 om korleis dette skal nås.

#### 10000 Politisk styring

Kommuneorganisasjonen står overfor store endringar. Kommunedirektøren har sett i gang ein gjennomgang av heile organisasjonen. Denne skal munne ut i ei langt tydelegare

## Årsbudsjett 2021 – økonomiplan 2021-2024

oppgåveorganisering. Dette vil mellom anna innebere ein monaleg reduksjon i talet på einingar/tenestekområde i kommunen. Den overordna administrative organiseringa er allereie tilpassa den valde politiske organiseringa. Dette er eit godt prinsipp, som legg grunnlaget for ei effektiv samhandling mellom politikk og administrasjon.

Gloppen kommune er inne i ein krevjande økonomisk fase. Tenester kan verte redusert eller avvikla, og tilsette må bu seg på endra oppgåver. Kommunedirektøren vil, så langt det er mogleg, prøve å gjennomføre desse endringane utan oppseiingar. Det kan verte vanskeleg.

I ein slik situasjon meiner kommunedirektøren at det naturleg at også kommunestyret set søkelys på den politiske organiseringa av kommunen. Kan storleiken på kommunestyret reduserast når ein tek til på den neste kommunestyreperioden? Er noverande utvalsorganisering den rette for framtida? Korleis kan vi ta i bruk nye, digitale løysingar for å effektivisere tidsbruk og redusere møtekostnader? Dette er relevante spørsmål som kommunestyret bør stille seg. Arbeidet bør starte no, slik at eventuelle endringar kan gjerast gjeldande når ein ny kommunestyreperiode tek til i 2023.

Gloppen deltek i fleire samarbeid med dei kringliggande kommunane. Når deltakarkommunane strevar med eigen økonomi, er det også på sin plass å utfordre kostnads- og ressursbruken knytt til desse samarbeida. Dette er også eit tema som den politiske leiinga bør gripe tak i saman med kommuneadministrasjonen.

### Tiltak i budsjettet

15	Kutte møtemat	-35 000
16	Redusert opplæring til politikarar	-40 000
20	Kutte kommunale tilskot til politiske parti	-35 000
9000-23	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-20 000
	<b>Total</b>	<b>-130 000</b>

### **11000 Kontroll og revisjon**

Utgiftene her er i all hovudsak betaling til Vest Revisjon og SEKOM (sekretariatet til kontrollutvalet). Kontrollutvalet har sjølv vedteke å redusere sitt eige budsjett for 2021. Sjå vedlegg for meir informasjon.

### **12010 Administrativ leing**

I samband med omorganiseringa som kommunedirektøren har sett i verk, er der også gjennomført endringar i den administrative leiinga i kommunen. Kommunedirektøren si leiargruppe, som tidlegare har vore på ni medlemmar, er endra. Den nye leiargruppa består av kommunedirektør, tre kommunalsjefar (oppvekst, helse og velferd, samfunn og berekraft) og organisasjonssjef. Økonomisjef og personalsjef rapporterer i framtida til organisasjonssjefen, næringssjefen og teknisk sjef rapporterer til kommunalsjef for samfunn og berekraft. Endringa vart sett i verk frå 19. oktober 2020. Kjøp av konsulenttenester som t.d. juridiske tenester, må kuttast kraftig.

### Tiltak i budsjettet

21	Redusere kjøp av varer og tenester	-10 000
1100-4	Kutt i kurs og opplæringsaktivitetar	-20 000
9000-23	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-24 000
	<b>Total</b>	<b>-54 000</b>

### **12020 Økonomiavdelinga**

Stillinga som dagleg leiar i Gloppen Energi AS blir ført her, og blir refundert fullt ut til kommunen. Tenesta vert redusert med ei halv stilling i 2021. Lågare sjukerefusjonar og inntekter er årsaka til netto auken i budsjett. Utgiftene går ned med 7,8 %.

## Årsbudsjett 2021 – økonomiplan 2021-2024

### Tiltak i budsjettet

<b>14</b>	Redusere rekneskaps- og prosjektkontroll	-280 000
<b>21</b>	Redusere kjøp av varer og tenester	-91 000
<b>1100-4</b>	Kutt i kurs og opplæringsaktivitetar	-40 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-71 000
	<b>Total</b>	<b>-482 000</b>

### **12030 Servicetorg**

#### Tiltak i budsjettet

<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-14 000
----------------	------------------------------------------------------	---------

### **12040 Felles IT-drift**

Dette er m.a. vår del av Nordfjord-samarbeidet innan IKT. Hovudkostnaden gjeld Nordfjordnett, som er driftsdelen av samarbeidet. Det er førespegla ein auke på 1 mill. kr i tilskotet til Nordfjordnett i 2021. Det er lagt inn ein auke på 500.000 kr i budsjettframlegget. I tillegg til Nordfjord-samarbeidet har vi no 2,0 årsverk lokalt i kommunen til IKT-drift.

#### Tiltak i budsjettet

<b>1100-4</b>	Kutt i kurs	-10 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-23 000
<b>9000-24</b>	Redusere overføringa til Nordfjordnett	-500 000
	<b>Total</b>	<b>-533 000</b>

### **12050 Skatteoppkrevjing**

Frå 01.11.2020 er skatteoppkrevjinga overført frå kommunane til staten.

#### Tiltak i budsjettet

<b>1100-1</b>	Skatteoppkrevjar - inndekning frå staten	-480 000
---------------	------------------------------------------	----------

### **12060 Arkivtenesta**

Arkivet har 2 årsverk som i 2020.

#### Tiltak i budsjettet

<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-50 000
----------------	------------------------------------------------------	---------

### **12070 Personalkontor**

Kontoret har 1,0 årsverk. Årsaka til at tenesta syner eit overskot i 2020 er korrigering av pensjon for heile organisasjonen. Desse midlane vil bli før på dei tenestene der dei høyrer heime,. For å få eit korrekt bilde for det inneverande året, blei korrigeringa budsjetttert på denne tenesta. Korrigeringane har ein verdi på 11 millionar kroner. Om ein justerer for dette, ligg forventa nettoresultat for tenesta på ca. 1 million kroner.

#### Tiltak i budsjettet

<b>1100-4</b>	Kutt i kurs	-10 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-7 000
	<b>Total</b>	<b>-17 000</b>

### **12090 Anna felles drift**

Dette er utgifter til tillitsvalde og hovudverneombod når det gjeld lønn, og elles kontingentar som kommunen betalar (t.d. til KS) og kostnader som det er arbeidskrevjande å dele opp, slik som annonsering, porto, kopiering, ansvarsforsikring, bedriftshelseteneste og lisensar på felles programvare.

Tiltak i budsjettet

<b>21</b>	Redusere kjøp av varer og tenester (startar i 2023)	0
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-175 000
	<b>Total</b>	<b>-175 000</b>

**18000 Diverse fellesutgifter**

På tenesta blir ført kostnader for råda, og elles tilfeldige utgifter som ikkje kan plasserast på andre tenester i rekneskapen, t.d. avsette midlar til velferdstiltak for tilsette og helsingar frå kommunen ved ulike høve.

Tiltak i budsjett

<b>15</b>	Kutte møtemat	-15 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-4 000
	<b>Total</b>	<b>-19 000</b>

**28300 Etablering og oppretthaldi av eigen bustad**

Nettokostnaden her er hovudsakleg løn til kommunen sin bustadkonsulent. Her blir også ført handteringa av startlån og tilskot til bustadformål. Frå og med 2020 er refusjonen frå tilskotet lagt inn i rammetilskotet utan at vi kan sjå at dette har auka tilsvarande.

Tiltak i budsjettet

<b>1100-2</b>	Reduksjon av tilskot tilrettelegging eigen bustad	-200 000
---------------	---------------------------------------------------	----------

**28500 Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde**

Det er lagt inn 500 000 kroner i inntekter knytt til forventninga om at 100 nye kundarkoblar seg på breibandnettet. Det er forventa ytterligere 100 nye kundar i 2022.

Tiltak i budsjettet

<b>1000-1</b>	Brukarbetaling for breiband	-500 000
---------------	-----------------------------	----------

**29000 Interkommunale samarbeid (§ 27 samarbeid)**

Dette inneheld kostnader for dagleg leiar for Nordfjordsrådet og Nordfjordsamarbeidet. Her blir kostnaden fordelt etter folketalet. Gloppen kommune sin del av kostnaden – kr 240.000 – er ført på tenesta 10000 politisk styring. Dagleg leiar i full stilling kom i drift frå mai 2018 med Gloppen kommune som vertskommune. Stillinga har vore vakant sidan september 2019. Rekneskapsføringa for Nordfjordsrådet vil bli flytta til den kommunen som til ei kvar tid har daglig leiar.

**30100 Behandling av plansaker**

Dette er plan- og utgreiingsavdelinga. Avdelinga vert redusert med 0,2 årsverk til 2,4 årsverk i 2021. Dersom kapasiteten skal reduserast ytterlegare, må ein frå politisk hald ta opp igjen og revurdere planstrategien for Gloppen kommune.

Tiltak i budsjettet

<b>22</b>	Redusert plankapasitet	-152 000
-----------	------------------------	----------

**32500 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet**

På denne tenesta er ført bruk og påfylling av næringsfondet. Totalt ligg det inne å nytte 1 million kroner frå næringsfondet til næringsstiltak. Om lag 400.000 er «faste utgifter» i tilskot til Visit Nordfjord, Sandanedagane og Matamål. Lønnsutgiftene til næringsjefen er no flytta hit. Lønsmidlane til rekruttering av nederlandske familiar er foreslått avvikla.

Tiltak i budsjettet

<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-24 000
	<b>Total</b>	<b>-139 000</b>

**33000 Samferdslebedrifter/transporttiltak**

Driftstilskot til Nordfjordbrua AS i 2021 på 150 000.

**39000 Den norske kyrkje**

Dette området ligger under sektoren finans. Vedlagt budsjettsskriv frå Gloppen kyrkjelege fellesråd. Søknaden frå kyrkja er på 4 785 000, som er 300 000 kroner høgre enn 2020. Dette tilsvarar 6,7%. Det er budsjettert med same beløp som i 2020, 4 485 000 kroner i tilskot og 252 000 kroner i indirekte tilskot for å dekke avdrag og lån som kyrkja har til kommunen. Det er dermed ikkje tatt omsyn til budsjett auken som kyrkja spør om.

**Investeringar knytt til formannskapet**

**Investeringar i Nordfjordnett**

Dette er Gloppen sin del av fellesinvesteringar IKT-samarbeidet i Nordfjord basert på styret i Nordfjordnett sitt budsjettframlegg.

**Utskifting av bil- og sykkelparken**

Gloppen kommune har i dag ei rekkje bilar i tenestene sine. Det er behov for å byte ut bilane når slitasje gjer at reparasjonar blir mindre lønsame. Innafor dette budsjettet kan det også vere aktuelt å kjøpe sykklar. Det er sett av 500.000 kr til kjøp av nye bilar i 2021. Dette er mindre enn behovet, men kommunedirektøren understrekar at 2021 vil vere eit unntaks år.

**Utskifting av IT-utstyr**

Det er eit fortløpande behov for å oppgradere kommunen sitt IT-utstyr. Ansvaret for innkjøp av PC-ar og IT-utstyr er samla, og frå 2017 er også utstyr til undervisning teke med i denne løyvinga. Behovet er betydeleg større enn beløpet som er sett av. Det er sett av 1.500.000 kr til dette i 2021. Summen skal brukast til generelt IKT-utstyr i skulen, datamaskinar til elevane (8. klasse GU og 7. klasse), oppgradering av trådløst nett og generell utskifting av datamaskinar og skrivarar i heile kommunen. Dette er mindre enn behovet, men 2021 vil som nemnd tidlegare, vere eit unntaks år. Skuleelevane vert prioritert.

**Utskifting av fiberlinje Sandane / Strandtun m.m.**

Hovudlinjene for datatrafikk mellom Heradshuset og Breim må skiftast på strekninga mellom Heradshuset og Strandtun. Denne linja er 23 år gammal, og har såleis passert venta levetid. Det same gjeld hovudlinja for datatrafikk mellom Heradshuset og Gloppen omsorgssenter. Utskiftinga er planlagt som eit spleiselag med Sogn og Fjordane Energi og Eninvest. Investeringa vil gje oss problemfritt og «gratis» datasamband på desse strekningane i 20 år framover.

**Bustadlån – formidling av startlån (prosjekt 28350)**

Dette er lån som kommunen tek opp i Husbanken til vidare utlån. Finanstilsynet har stramma inn krava til eigenkapital ved opptak av lån til bustader, og vedtatt at startlån frå kommunen ikkje kan reknast inn i kravet om 15 % eigenfinansiering. Det betyr i praksis at dei fleste aktuelle kandidatane til å få startlån ikkje lenger kan nytte seg av ordninga. Dette er ei problemstilling som må adresserast politisk på sentralt hald.

I heile økonomiplanperioden er det likevel lagt inn 5 mill. årleg i utlån, finansiert med opptak av lån i Husbanken. Det er lagt til grunn at kommunen korkje skal tene eller tape noko på formidlinga av startlån i økonomiplanperioden.



*1. Sambinding av kulturaksen mellom kultursentrum (Trivselshagen, Nordfjord folkemuseum og Firda VGS) og Sandane sentrum (blir lagt fram som eiga sak om ein finn finansiering)*

Prosjektet er kostnadsrekna til kr 400.000. Fylkeskommunen dekker 40 %, noko som svarar til kr 160.000. Prosjektet vil bli gjennomført dersom vi klarer å finne løysingar for å finansiere vår eigenandel på kr 240.000. Dette kan vere dugnad/arbeidsinnsats frå andre enn kommunen også.

*2. Gangvegarsell ved Grandeparken (blir lagt fram som eiga sak om ein finn finansiering)*

Entreprenør lagar no ferdig gangveg rundt bygget på Grandane. Kommune har ansvar for 30 meter gangveg frå krysset ned til gangvegbrua i Grandeparken. Det er søkt om tettstadmidlar til prosjektet.

Prosjektet er kostnadsrekna til kr 150.000. Dersom vi får tilsegn, vil fylkeskommunen dekkje kr 75.000. Kommunen kan utføre arbeidet i eigen regi med ein eigendel på kr 75.000.

## 4.2 Oppvekstutvalet sitt ansvarsområde

Oppvekstutvalet sitt ansvarsområde er i denne valperioden sett saman av desse tenesteområda

- Barnehage, skule og opplæring
- Helsestasjon og barnevern

I 1000 kroner	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Utvikling i netto ramme	161 270	168 416	160 312	154 630	154 755	154 755

Alle tenester (i 1000 kroner)		Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
20100	Barnehage	48 129	50 833	47 883
20200	Grunnskule	81 542	85 023	81 151
21100	Styrka tilbod til førskulebarn	5 373	6 515	5 794
21300	Vaksenopplæring	3 561	5 171	5 696
21500	Skulefritidstilbod	2 259	2 246	1 978
22100	Barnehagelokale og skyss	0	0	0
22200	Skulelokale	4 150	3 979	3 619
22300	Skuleskyss	2 687	2 097	2 746
23200	Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste	4 573	5 105	4 458
24400	Barnevernstenesta	2 759	2 725	2 655
25100	Barnevernstiltak i familien	1 527	841	657
25200	Barnevernstiltak utanfor familien	4 710	3 881	3 548
25400	Pleie, omsorg og hjelp i heimen	0	0	128
29000	Interkommunale samarbeid (§ 27 samarbeid)	-2	0	0
<b>TOTALT</b>		<b>161 270</b>	<b>168 416</b>	<b>160 312</b>

### Kort om kvar teneste

Prognose forbruk 2020 er 168 416 000 mot budsjett 2020 på 168 790 000. Det betyr at oppvekst ligg på budsjett per oktober.

*Tekstforklaring: Tiltaka er i tråd med tiltakslista som vart lagt fram for kommunestyret i september 2020. Tiltak som er kalla ETO (Ekstra Tiltak Oppvekst) tiltak som er kome til i etterkant.*

### 20100 Førskule

Drifta på barnehage er om lag som i 2020. Det er vanskeleg å sjå det totale biletet før vi har sett barnehageopptaket for 2021/2022 i mars. Det ligg til grunn dei endringane i barnetal som vi kjenner til per i dag. Fødde i Gloppen i 2020 ser ut til å vere om lag 10 færre enn i 2019. Driftstilskotet til dei private barnehagane er ikkje rekna ut i skrivande stund, då vi ventar på sentrale satsar for m.a. kapitaltilskot. Satsane vil vere klare til den politiske handsaminga startar.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>27</b>	Redusert oppdekking for plantid med 10 % på kvar avdeling	-286 000
<b>29</b>	Fjerne mentor for nyutdanna/tilsette i bhg	-31 000
<b>30</b>	Fjerne stilling som migrasjonspedagog i Mona bhg	-330 000
<b>31</b>	Barnehageopptaket berre til dei med rett etter lova	-1 250 000
<b>23031</b>	Digitalisering	30 000
<b>ETO 1</b>	Redusere 60 % stilling pga. barnetal frå 01.01.2021	-367 000
<b>ETO 3</b>	Redusere 100 % stilling pga. 12 til 9 på avd.	-200 000
<b>ETO 4</b>	Redusere 60 % stilling pga. barnetal på avd.	-156 000
<b>ETO 6</b>	Saman med tiltak 33, fjerne stilling TTI (PPT/Bhg)	-225 000

## Årsbudsjett 2021 – økonomiplan 2021-2024

<b>ETO 8</b>	Reduksjon i bruk av sjukevikarar	-292 000
<b>ETO 10</b>	Redusert løn gjennom mindre bruk av overtid	-75 000
<b>ETO 11</b>	Redusert kurs-/opplæringsbudsjett i oppvekst	-20 000
<b>ETO 13</b>	Redusert kjøp av driftsmidler	-69 000
<b>ETO 15</b>	Oppjustere sjukelønsrefusjon til foventat inntekt	-200 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-127 000
	<b>Total</b>	<b>-3 599 000</b>

### **20200 Grunnskule**

Drifta på skulane er i utgangspunktet tenkt om lag som i 2020. Klassetalet vil i skuleåret 2021/2022 vere det same som i 2020/2021. Innføringa av nytt læreplanverk fordrar innkjøp av nye læremiddel/lisensar og utstyr. Det vil vere eit stort behov i 2021 både på driftsbudsjett og investeringsbudsjett. PPT er tenkt redusert med ei sakshandsamarstilling på 20 %. Det vil gå utover sakshandsamingstida. Tiltaket med samanslåing er kort skissert lenger nede.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>34</b>	Redusere assistentstillingar i skulen, 2 årsverk	-517 000
<b>36</b>	Redusere lærarstillingar i skulen, 1 årsverk	-305 000
<b>45</b>	Redusert 20 % stilling innan PPT	-69 000
<b>21021</b>	Høst semester	76 000
<b>23031</b>	Digitalisering	40 000
<b>2101-1</b>	Leirskule	40 000
<b>2108-1</b>	Auka spesialbehov	316 000
<b>2108-2</b>	Redusere overtidsbruk	-36 000
<b>2108-3</b>	Leirskule	77 000
<b>ETO 7</b>	Nordstranda/Sandane skule	-3 904 000
<b>ETO 9</b>	Reduksjon i sjukevikarar	-584 000
<b>ETO 11</b>	Redusert kurs/opplæringsbudsjett	-109 000
<b>ETO 13</b>	Redusert kjøp av driftsmidler	-43 000
<b>ETO 15</b>	Oppjustere sjukelønsrefusjon til foventat inntekt	-900 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-308 000
	<b>Total</b>	<b>-6 226 000</b>

### Tiltak ETO 7 – Samanslåing av Sandane og Nordstranda skule.

Ei samanslåing av Nordstranda og Sandane til ein felles skule, er det tiltaket som vil gje størst utteljing økonomisk av tiltaka i oppvekst. Kommunedirektøren har sett på to alternativ. Det eine er å samle all aktivitet på Sandane skule. Det andre er å dele aktiviteten mellom Nordstranda og Sandane. Hovudtanken i slik samanslåing vil vere at vi kan gå frå å ha 3 klasser på kvart trinn til å ha to klasser på kvart trinn. Det vil auke klassestorleiken frå om lag 17-18 elevar til 26-27 elevar i klassa med dei årskulla som vi ser no. Det betyr ein reduksjon på 14 årsverk. Då er lærarnorma, spesialpedagogiske tiltak, særskilt norskopplæring, SFO, leing og andre ressursar teke omsyn til sett opp imot andre skular på same storleik. Ei så omfattande samanslåing må utgreiast meir enn det som kjem fram i budsjetteksten.

### Alternativ 1 – Samle all aktivitet på Sandane skule.

Skal vi samle all aktivitet på Sandane skule, må kommunen investere 7-10 millionar i klasserom, arbeidsplassar for lærarane og ombygging av klasserom og personaldelen av skulen. Vi må også gjere tiltak på uteområdet ved skulen. Kostnaden med skuleskyss vil auke noko, men utgifter til skyss i samband med symjeundervisning vil bli redusert. Ein del av investeringane vert av midlertidig karakter. Gangane på skulen vil framleis vere like tronge og spesielt garderobesituasjonen for elevane vil verte knapp. Uteområdet vil opplevast som endå trongare og overfylt enn i dag. Vi har ikkje ein plan klar for framtidig bruk/sal av Nordstranda skule, og vil framleis måtte pårekne kostnader knytt til eigarskap og vedlikehald.

Alternativ 2 – Dele aktiviteten mellom Nordstranda og Sandane skule

Det kan vere mange måtar å dele klassane mellom dei to skulane. SFO må vere knytt til den delen som har småtrinnet, evt. må SFO vere delt i to om det ikkje følgjer klassesdelinga. Klasseromma på Nordstranda skule er jamt over mindre enn klasseromma på Sandane skule, så det kan verte utfordrande med klasser over 20-25 elevar. Skuleskyssen vil auke for eit fleirtal av elevane, både dei som har rett på skyss og det vi truleg må rekne som kommunalskyss på grunn av farleg skuleveg for dei yngste spesielt.

Kommunedirektøren tilrår at det vert arbeidd vidare med alternativ 2.

**21100 Styrka tilbod til førskuleborn**

Budsjettet er noko redusert for hausthalvåret 2021 som følgje av det vi veit i dag om overgang til grunnskulen. Noko av reduksjonen her vil vi sjå igjen som ein auke på skule.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>30</b>	Avlutte auka stilling knytt til migrasjonpedagog	-82 000
<b>32</b>	Redusere spes.pedagogisk hjelp/tilrettelegging	-250 000
<b>33</b>	Redusere TTI	-150 000
<b>ETO 2</b>	Redusere 50% stilling frå august	-125 000
<b>ETO 11</b>	Redusert kurs-/opplæringsbudsjett i oppvekst	-7 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-12 000
	<b>Total</b>	<b>-626 000</b>

**21300 Vaksenopplæring**

Dette er eit område det er vanskeleg å budsjettere. Busetjing av flyktningar er usikkert, men kommunen er beden om å ta i mot 24 flyktningar i 2021. Koronapandemien vil framleis ha mykje å seie for flyktningstraumane i verda. Det er også endringar i regelverket som truleg vil påverke elevtalet, mellom anna skal fylkeskommunen ta over ansvaret for ungdomane opp til 18 år. Det ligg til grunn eit elevtal på linje med det vi har i dag for komande år. Eine klassa er grunnskuleopplæring (GMU) i samarbeid med Firda vgs. Om det vert klasse vert først klart etter 1. mars når søknadsgrunnlaget er klart.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>39</b>	Redusert oppfølging av enkeltelevar	-570 000
<b>29021</b>	Ekstratiltak knytt til nye elevar	0
<b>ETO 12</b>	Korrigert husleige	-8 000
<b>ETO 14</b>	Redusert kjøp av mat	-5 000
<b>9000-22</b>	Auka salsinntekter	-20 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-44 000
	<b>Total</b>	<b>-647 000</b>

**21500 Skulefritidstilbod**

Gjeld skulefritidsordningane våre. Vi har skulefritidsordningar på alle skulane våre. I Hyen er SFO knytt opp til barnehagen. I feriar er det samarbeid mellom Nordstranda og Sandane, då elevane vert samla på Sandane skule. I Breim er det ope i feriar alt etter påmelding. Elles har dei tilbod om å nytte SFO på Sandane. Samanslåing av Sandane og Nordstranda skule vil påverke tilbodet her.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>38</b>	Redusert bemanning på SFO	-100 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-3 000
	<b>Total</b>	<b>-103 000</b>

### **22200 Skulelokale**

Dette er husleiga oppvekstsektoren betaler for bruken av Trivselshagen. Den er justert for avtalt prisvekst og i tråd med intern fordeling i kommunen. Fordelinga internt i kommunen er noko justert på grunn av reglar om momskompensasjon, oppvekst sin del har av det auka noko. Det skal totalt sett kome kommunen til gode.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>9000-21</b>	Reduksjon husleige Trivselshagen IKS	-360 000
----------------	--------------------------------------	----------

### **22300 Skuleskyss**

Dette er Gloppen kommune sin del av kostnaden med skuleskyss. Skuleskyssen er budsjettet med forventa kostnader. Skuleskyssen inkluderer det kommunen betaler for dei som har rett på skuleskyss etter kommunale vedtak om farleg skuleveg og den kommunale eigendelen for alle andre som har skuleskyss. Kommunen betalar refusjon etter gjeldande persontakst for born på aktuell strekning. Det er lagt til grunn skyss om i eit normalår. 2020 vil ikkje vere retningsgjevande i forhold til perioden med stengde skular og busstreik.

### **23200 Helsestasjon**

Det ligg ikkje inne stilling som er prosjektfinansiert i 2021 på helsestasjonen. Det betyr om lag 80 % stilling mindre på helsestasjonen i 2021 enn i 2020. Det er foreslått å vente med ytterlegare kutt i stillingar til 2022. Det er på grunn av koronapandemien og rolla helsestasjonen har med oppfølging av prøvesvar og smittesporing i Gloppen. Barselomsorga som vert kjøpt via Helse Førde er tenkt vidareført i 40 % stilling som i 2020, mot 30% stilling tidlegare år.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>40</b>	Auke inntekter ved meir fakturering av tenester	-20 000
<b>41</b>	Redusert 50% stilling på helsestasjon frå 2022	0
<b>46</b>	Samordne leiarressursar (Effekt i 2022)	0
<b>ETO 11</b>	Redusert kurs/opplæringsbudsjett i oppvekst	-10 000
<b>ETO 12</b>	Korrigert husleige	-10 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-52 000
	<b>Total</b>	<b>- 92 000</b>

### **24400 Barnevernstenesta**

Det er ikkje lagt opp til vesentleg endra aktivitet i denne tenesta for 2021. Det er lagt inn eit kutt på kjøp av varer og tenester.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>42</b>	Redusert kjøp av varer og tenester	-80 000
<b>ETO 11</b>	Redusert kurs/opplæringsbudsjett i oppvekst	-20 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-21 000
	<b>Total</b>	<b>-121 000</b>

### **25100 Barnevernstiltak i familien**

Det er ikkje lagt til grunn større endringar her. Det ligg inne ein reduksjon på kjøp av tenester.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>43</b>	Redusert avlastning i heimen	-150 000
<b>ETO 11</b>	Redusert kurs/opplæringsbudsjett i oppvekst	-10 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-13 000
	<b>Total</b>	<b>-173 000</b>

### **25200 Barnevernstiltak utanfor familien**

Tenesta er hendingstyrt, og såleis vanskeleg å planlegge i høve det vi ikkje alt veit om. Det er lagt inn ein reduksjon på kjøp av varer og tenester her.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>44</b>	Redusert avlastningstilbod	-150 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-147 000
	<b>Total</b>	<b>-297 000</b>

### **29000 Interkommunale samarbeid**

Denne tenesta handlar om interkommunale samarbeid innanfor oppvekst i Nordfjord. For tida er kommunalsjefen i Gloppen leiar for regionsamarbeidet, og gjennom det vert Gloppen rekneskapsførande for nokre felles inntekter og utgifter i samarbeidet. Det er felles lisensar, stillingar og utgifter som vert fordelt etter ein nøkkel. Utgiftene til det, er budsjettert under dei aktuelle tenestene. Noko er tilskot til utviklingsprosjekt som går via kommunen. Eventuelt overskytande midlar vert sett på bundne driftsfond.

### **Investeringsbudsjett kommuneområde oppvekst.**

#### **Utskifting av datautstyr (inkludert utstyr til skulane) - kroner 1 500 000,-**

Her er ein felles investeringsprosjekt i kommunen som går til fornying og utvikling av datautstyret. Skulane og barnehagane er del av det. Det vil i første rekkje for oppvekst vere å sikre at vi på ungdomsskulenivå har 1:1 dekning på datamaskiner og at vi kan sjå kor langt vi kjem på 1:1 dekning på mellomtrinnet på skulane frå 7. klasse og nedover. Det vil vidare vere behov for å skifte ut nokre elektroniske tavler/skjermar i klasseromma. Med auka maskintettleik i klasseromma er det samstundes viktig med god nettilgang, og fornying av dette er også eit prioritert område.

#### **Uteområde barnehagar og skular – kroner 300 000,-**

Det er sett av ein sum som skal gå til å fornye leikeområda i barnehagane og på skulane. Det kan vere apparat som lenger ikkje er godkjende, eller fornying av eksisterande leikeområde.

#### **Nye Hyen skule – ikkje med i investeringsbudsjettet i økonomiplanperioden.**

Det er dessverre ikkje funne rom for Nye Hyen skule i økonomiplanperioden. Det må drøftast politisk om kommunedirektøren skal få fullmakt til å sjå på alternative løysingar for Hyen skule.

#### **Sandane skule (2 etg. på modulbygg + mindre ombygging av adm.fløy)**

Det er ikkje sett av midlar i investeringsbudsjettet til dette. Det er med føresetnad om ei samanslåing av Nordstranda og Sandane skule med elevane fordelt på begge stader. Då kan vi sleppe desse mellombelse løysingane som er tenkt. Det vil framleis vere ca. 1,4 million som er løyvd til Sandane skule for 2020 og 2021 av koronamidlar. Dei vil vi nytte til å tilpasse spesialrom og administrasjonsfløyen på skulen, slik at det vert mest mogeleg tenleg.

### 4.3 Helse- og omsorgsutvalet sitt budsjettområde

I 1000 kroner	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Utvikling i netto ramme	184 770	186 718	181 563	180 084	179 548	178 778

Alle tenester (i 1000 kroner)		Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
23200	Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste	185	178	158
23300	Anna førebyggjande helsearbeid	586	586	493
23400	Aktivering og støttetjeneste til eldre og funksjonshemma	6 288	6 722	6 377
24100	Diagnose, behandling og re/habilitering	15 666	17 251	15 588
24200	Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid	5 610	5 494	5 935
24300	Tilbod til personar med rusproblem	11	11	12
25300	Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon	25 159	23 274	23 718
25400	Pleie, omsorg og hjelp i heimen	118 836	122 670	119 028
25600	Akutt hjelp, helse- og omsorgstenester	1 611	1 835	1 595
26500	Kommunalt disponerte boligar	4	-38	0
27300	Kommunale sysselsetjingiltak	1 632	1 605	1 549
27500	Introduksjonsordninga	4 349	2 668	3 298
27600	Kvalifiseringsprogrammet	292	520	607
28100	Ytelse til livsopphold	3 864	3 263	2 948
38500	Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg	679	679	257
<b>TOTALT</b>		<b>184 770</b>	<b>186 718</b>	<b>181 184</b>

#### Generelt om drifta i sektoren i økonomiplanperioden

Prognosen for 2020 på noverande tidspunkt viser at vi ligg an til eit mindreforbruk i 2020. Dette på trass av meirarbeid som følgje av Covid-19 pandemien. Vi har halde kostnadane nede ved å nytte årsturnusar, bruke mindre vikarar, halde stillingar ledig i periodar og hatt fokus på ressursutnytting.

Covid-19 pandemien ikkje er over, og vi må ta omsyn til desse kostnadane i budsjett for 2021. Situasjonen med covid-19 er forventa å vare godt ut i 2021 med dei utfordringane dette gjev i form av fråvær blant personell, beredskap, utgifter til utstyr med meir.

Kostra viser at vi driftar tenestene til lågare kostnader andre kommunar i same kostra-gruppe. Vi har gjennom fleire år hatt stort fokus på førebyggjande arbeid og tidleg innsats. Dette erfarer/meiner vi held kostnadane nede.

Innsparingstiltaka for 2021 som er lagt inn i budsjett for å redusere kostnadene, er vurdert med bakgrunn i om tiltaka vil kunne påføre oss auka kostnader i andre tenester og einingar på sikt.

Aktiviteten elles i sektoren er planlagt i tråd med Helse og omsorgsplan om framtidsretta helse og omsorgstenester. I tillegg til dagleg forsvarleg drift, er det fokus på utviklingsarbeid innan: velferdsteknologi, demensomsorg, eldremedisin\-ernæring, legemiddelgjennomgang, rehabilitering, frivillige, tidleg innsats og meistringstreff. Noko av utviklingsarbeidet vert drifta som egne prosjekt.

Dei fleste einingane i sektoren skal nytte årsturnus. Dette er forventa å gje betre ressursutnytting, mindre overtidsbruk og betre utnytting av kompetanse.

Hovudutfordringa for sektoren er at kommunen får stadig aukande tal pasientar med komplekse sjukdomsbilde både innan somatikk og psykiatri, og i tillegg får vi ei aldrande befolkning. Dette er ressurskrevjande både med tanke på personell, kompetanse og økonomiske ressursar.

I helse- og omsorgsplanen har vi beskrevet tiltak vi skal arbeide med i perioden 2020-2024. Målet er framleis at vi skal arbeide i tråd med handlingsplanen, men mindre ressursar vil føre til at utviklingsarbeid kjem til å ta lengre tid.

Utviklingsarbeid som vert fokusert på i 2021:

- Nytte samhandlingsarenaer betre, som BTI (betre tverrfagleg innsats og koordinerande eining).
- Ferdigstille kompetanseplan, for å sikre naudsynt kompetanseutveksling, ressursutnytting, kompetanseheving og sikre framtidig rekruttering til sektoren.
- Vidareføre arbeidsgruppa i frivillig arbeid og utarbeide frivilligstrategi.
- Ferdigstille prosjekt Gloppen-modellen.
- Vidareføre Prosjekt i demens omsorg og dagtilbod.
- Vidareføre prosjekt Meistringstreff.
- Tilsette kommunepsykolog.
- Vidare fokus på førebygging, habilitering og velferdsteknologi.
- Ta i bruk nytt omsorgsbygg og auke med fire nye plassar for brukarar som treng høgre omsorgsnivå.

### **Kort om kvar teneste**

#### **23200 Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste**

Her ligg kostnader knytt til fysioterapi til born knytt til helsestasjon.

Prognose for 2020 ligg til grunn for budsjett 2021. Det er ikkje planlagde endringar av aktivitet i tenesta som fører til endra utgifter utover lønnsvekst.

Tiltak som er lagt inn i budsjett:

Ingen tiltak.

#### **23300 Anna førebyggjande helsearbeid**

Her ligg kostnader knytt til Frisklivssentralen.

Nytt tiltak- Legge ned Frisklivssentralen.

	Auke brukarbetaling	-20 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-6 000
	<b>Total</b>	<b>-26 000</b>

Dette er ikkje eit tiltak som er fagleg tilrådd, men grunna situasjonen vi står i økonomisk ser vi oss nøydde til å legge det inn i budsjett. Dette tiltaket vil med erfaring frå Covid- 19 nedstenginga, føre til meirkostnader. Brukarane vil trenge fysioterapi utan dette tilbodet. Det vil erfaringsvis blir større press på psykisk helse, og brukarar får større behov for heimetenester. Mange av brukarane klarar ikkje å nytte seg av andre treningstilbod i kommunen. Det var 110 brukarar før ned stenging som følgje Covid -19 pandemien. Om dette tiltaket ikkje blir vald, kan ein auke brukarbetalingar med totalt 20 000 kr.

#### **23400 Aktivisering og støttetjeneste til eldre og funksjonshemma**

Her ligg kostnader og inntekter knytt til kjøp av teneste frå Mona Vekst (arbeidsretta aktivitetstilbod), kjøkkenet, vaskeritenester, støttekontakt og dagtilbod for eldre.

Prognose for 2020 ligg til grunn for budsjett 2021. Det er ikkje planlagde endringar utover tiltak som er lagt inn i budsjett. Auka tilsvarar pris og lønnsvekst.

Tiltak som er lagt inn i budsjett:

15	Kutt i møtemat	10 000
----	----------------	--------



## Årsbudsjett 2021 – økonomiplan 2021-2024

3000-10	Reduksjon i kjøp av utstyr	-35 000
9000-23	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-3 000
	<b>Total</b>	<b>-28 000</b>

15 Kutt i møtemat – Mindre kjøp frå kjøkken førar til mindre inntekter. Motpost på formannskap.

### **24100 Diagnose, behandling og re/habilitering**

Her ligg kostnader knytt til legetenester og fysio- og ergoterapitenester.

Fysio- og ergoterapitenesta erfarer behov for psyko-motorisk kompetanse. Legetenesta arbeider med stabil legedekning i økonomiplanperioden. Det skal arbeidast mot å styrke lege på vakt med støttepersonell.

Prognose for 2020 ligg til grunn for budsjett 2021. Auken i tenesta er i hovudsak knytt til covid-19 tiltak, og auka utgifter til Sunnfjord interkommunale Legevakt (SYS IKL) som aukar meir enn prisveksten. Vi har også auke på fastlønn knytt til kommunal stilling då vi ikkje har klart å kompensere med innsparing på leigd bustad til vikar og kutte stilling ved å gå over til nytt fagsystem. Dette håpar vi skal være på plass i løpet av 2021.

#### Tiltak som er lagt inn i budsjett:

<b>52</b>	Inntekt knytt til vaksinerings ved legesenteret.	-70 000
<b>53</b>	Avslutte abonnement Tv lisens og Riks Tv.	-27 000
<b>66</b>	Redusere fysioterapitilbodet gjennom kutt i driftstilskot. Tilsvavar 20% av eit driftstilskot.	-67 000
<b>68</b>	Redusere fysioterapitilbodet ved å ikkje tilsette vikar for tilsett i permisjon	-65 000
<b>3001</b>	Kjøp av smittevernsutstyr	70 000
<b>3000-05</b>	Redusere fysioterapitilbodet gjennom kutt i driftstilskot. Tilsvavar 20% av eit driftstilskot.	-45 000
<b>3000-10</b>	Reduksjon i kjøp av utstyr	-2 000
<b>9000-21</b>	Reduksjon husleige Trivselshagen	-55 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-155 000
	<b>Total</b>	<b>-483 000</b>

Tilrådde tiltak.

52 –inntekt knytt til vaksinerings ved legesenteret.

53 – avslutte abonnement Tv lisens og Riks Tv.

66- Redusere fysioterapitilbodet til same nivå som andre kommunar vi kan samanlikne oss med.

Redusere totalt 20 % driftstilskot . Dette var ikkje eit anbefalt tiltak, men grunna situasjonen vi står i økonomisk, ser vi oss nøydde til å legge det inn i budsjett.

68 – redusere fysioterapitilbodet til same nivå som andre kommunar ved å ikkje tilsette vikar i permisjon.

Nytt tiltak- redusere 20 % driftstilskot. Dette er ikkje eit anbefalt tiltak, men grunna situasjonen vi står i økonomisk ser vi oss nøydde til å legge det inn i budsjett.

### **24200 Råd og rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid**

Her ligg kostnader til Nav, Krisesenteret og Smiso.

Prognose for 2020 ligg til grunn for budsjett 2021. Det er ikkje planlagde endringar av aktivitet i tilboda som fører til endra utgifter utover prisvekst.

#### Tiltak som er lagt inn i budsjett:

<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-113 000
----------------	------------------------------------------------------	----------

### **24300 Tilbod til personar med rusproblem**

Her ligg husleige til ettervernsgruppa.

Prognose for 2020 ligg til grunn for budsjett 2021. Det er ikkje planlagde endringar av aktivitet i tilbodet som førar til endra utgifter.

Tiltak som ikkje er lagt inn i budsjett:

65-ta vekk økonomisk stønad til ettervernsgruppa.

### **25300 Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon**

Tenesta omfattar kommunale institusjonsplassar (Gloppen omsorgssenter 1 etg.), avlastningsbustad til barn og fysioterapi på institusjon.

Behovet for avlastning for barn og unge ser ut til å auke, og både talet på brukarar og behova deira aukar. Dette vil kunne føre til større utgifter til avlastning i økonomiplanperioden.

Prognose for 2020 ligg til grunn for budsjett 2021. Det er ikkje planlagde endringar av aktivitet i tilboda som fører til endra utgifter utover lønnsvekst i 2021. Her må vi eventuelt justere utgiftene om det blir behov for å tildele nye tenester før 2022.

Tiltak som er lagt inn i budsjett:

<b>54</b>	Effektivisere innkjøp av medisinsk forbruksmateriell	-14 000
<b>58</b>	effektivisere bruken av bemanningsressursar i sektoren	-40 000
<b>61</b>	Einingsleiarar tek ansvar for eigne turnusar	-53 000
<b>3311</b>	Redusere bruk av ferievikar	-150 000
<b>3000-6</b>	Redusere bruk av sjukevikara	-200 000
<b>3000-7</b>	Redusere bruk av overtid	-114 000
<b>3000-10</b>	Reduksjon i kjøp av utstyr	-10 000
<b>3000-13</b>	Oppjustere sjukelønsrefusjon til foventa inntekt	-300 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-136 000
	<b>Total</b>	<b>-1 017 000</b>

### **25400 Pleie, omsorg og hjelp i heimen**

Her finn vi kostnadene knytt til største delen av tenesteytinga i kommunen. Dette gjeld både dei som bur heime og dei som bur i omsorgsbustader.

Prognose for 2020 ligg til grunn for budsjett 2021. Det er planlagde tiltak som kan gje endringar i aktivitet i tenesta utover budsjetterte lønnsmidlar. Dette grunna usikkerheit knytt til gjennomføring av nytt tiltak. Det skal aukast med fire nye heildøgns plassar på omsorgssenteret frå 2021. Tiltaka som er lagt inn har tatt høgde for dette. Fokus er å gje naudsynte og fagleg forsvarlege tenester. Behovet er i kontinuerlig endring, og justeringar i budsjett vil bli naudsynt. For kjøkkenet er det utfordringar knytt til dyrare mat, meir tilpassing og diettar.

Tiltak som er lagt inn i budsjett:

<b>50</b>	Effektivisere bruken av bemanningressursar, vidareført frå 2020	-
<b>54</b>	Effektivisere innkjøp av medisinsk forbruksmateriell	-6 000
<b>57</b>	Overgang til stille rapport på Gotatoppen	-126 000
<b>58</b>	Effektivisere bruken av bemanningsressursar i sektoren	-120 000
<b>61</b>	Einingsleiarar tek ansvar for eigne turnusar.	-148 000
<b>64</b>	Flytte pasientar med for høgt omsorgsnivå i høve til tenesta til høgre omsorgsnivå	-254 000
<b>3000-6</b>	Redusere bruk av sjukevikara	-700 000
<b>3000-7</b>	Redusere bruk av overtid	-462 000
<b>3000-8</b>	Redusere tillegg vikarar grunna lågare forbruk	-500 000
<b>3000-10</b>	Reduksjon i kjøp av utstyr	-84 000
<b>3000-13</b>	Oppjustere sjukelønsrefusjon til foventa inntekt	-500 000
<b>3001</b>	Kjøp av smittevernsutstyr	30 000

## Årsbudsjett 2021 – økonomiplan 2021-2024

<b>3311</b>	Redusere bruk av ferievikar	-850 000
<b>33171</b>	Vakant stilling	487 000
<b>3317-1</b>	Beholdertillegg for 1 år	30 000
<b>33221</b>	Redusert kjøp av varer og teneste	-79 000
<b>O-1</b>	Redusere bemanning grunna ny behovssituasjon – 3304	-1 285 000
<b>O-2</b>	Redusere bemanning grunna ny behovssituasjon – 3301 (oppstart 2022)	0
<b>O-3</b>	Redusere bemanning grunna ny behovssituasjon – 3331	-316 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-389 000
	<b>Total</b>	<b>-5 272 000</b>

Tiltak som ikkje er lagt inn i budsjett: Ikkje er anbefalte tiltak.

51- færre tryggingstilsyn og samtalar med pasientar med psykiske vanskar. Her skulle ein halde ei stilling ledig, men grunna auka behov for tenester på aktuelle einingar, er dette ikkje mogleg

69-reducere talet på tryggingstilsyn for brukarar med psykiske vanskar.

71- avslutte arbeidet med kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi.

59- er ikkje lagt inn på helse og velferd sitt budsjett grunna omorganisering.

### **25600 Akutt hjelp, helse- og omsorgstenester**

Her ligg kostnader knytt til kommunale akutte døgnseger.

Prognose for 2020 ligg til grunn for budsjett 2021. Det er ikkje planlagde endringar i aktivitet i tilbodet som førar til endra utgifter utover lønnsvekst.

Tiltak som er lagt inn i budsjett:

Ingen tiltak.

### **27300 Kommunale sysselsettingstiltak**

Her ligg kostnader knytt til varig tilrettelagt arbeid (VTA), og elevar på helsefaglinja for framandspråklege på Firda vidaregåande skule (Gloppen-modellen).

Prognose for 2020 ligg til grunn for budsjett 2021. Det er ikkje planlagde endringar i aktivitet i tilboda som førar til endra utgifter utover prisvekst.

Tiltak som er lagt inn i budsjett:

Ingen tiltak.

### **27500 Introduksjonsordninga**

Her ligg kostnader knytt til Gloppen-modellen (prosjekttilskot og utgifter), tolketenester og introduksjonslønn.

Prognose 2020 og prognose for 2021 ligg til grunn for budsjett 2021. Det er ikkje planlagde endringar i aktivitet i tilboda som førar til endra utgifter utover lønnsvekst.

Tiltak som er lagt inn i budsjett:

**O-4** Redusere bemanning flyktingtenesta kun for 2021 -393 000

Tilrådde tiltak

Det er lagt inn tiltak om å redusere oppfølging i flyktingtenesta for 2021 ved å ikkje tilsette vikar i perioden.

### **27600 Kvalifiseringsprogrammet**

Her ligg kostnader knytt til deltakarar i kvalifiseringsprogrammet.

Prognose for 2020 ligg til grunn for budsjett 2021. Det er auke i deltakarar på programmet for 2021 som fører til auke på budsjett.

Tiltak som er lagt inn i budsjett:

Ingen tiltak.

**28100 Yting til livsopphald**

Her ligg kostnader knytt til sosialhjelp.

Prognose for 2020 ligg til grunn for vurdering av budsjett 2021. Det er lagt inn reduserte utgifter på sosialhjelp for 2021.

Tiltak som er lagt inn i budsjett:

Ingen tiltak.

**38500 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre**

Her ligg kostnader knytt til Frivilligsentralen i Gloppen.

Det er ikkje planlagde endringar i aktivitet i tilbudet som fører til endra utgifter.

Tiltak som er lagt inn i budsjett:

3000-11	Redusert forventa kostnad knytt til ytelse til livsopphald	-315 000
---------	------------------------------------------------------------	----------

**Investeringsbehov i sektoren**

Nytt pasientvarslingsanlegg på Gotatoppen- det er levert fleire avvik på det gamle anlegget. Med tidvis utagerande brukarar og behov for bistand, er det eit stort problem når tilsette ikkje får tak i hjelp fordi ein ikkje kan varsle.

Behov for utstyr på Gloppen kommunale kjøkken- Stor miksar golvmodell, kombidampar 10 geider, Kokegryte med røreverk.

Innføring av full avfallssortering i kommunale bygg-

Utgiftene er i all hovudsak kjøp av stål konteinrar. Det er forventa at NoMil krevjer full avfallssortering frå 2022.

#### 4.4 TMK-utvalet sitt budsjettområde

Kan i denne valperioden delast i

- Teknisk og landbruk
- Kultur og idrett.

Teknisk og landbruk

I 1000 kroner	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Utvikling i netto ramme	31 289	31 006	26 701	26 061	26 061	26 061

Alle tenester (i 1000 kroner)		Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
12010	Administrativ leing	36	100	95
12100	Eigedomsforvaltning	1 319	2 402	2 491
13000	Gloppen heradshus	1 116	451	1 065
19000*	Interne serviceeiningar (vil gå i 0,-)*	0	18 651	0
20100	Barnehage (husleigeavtalar)	0	0	75
20200	Grunnskule (husleigeavtalar)	0	0	113
21300	Vaksenopplæring	118	27	884
22100	Barnehagelokale og skyss	2 226	824	2 469
22200	Skulelokale	11 410	2 816	9 469
23200	Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste	164	104	921
23400	Aktivisering og støttetjeneste til eldre og funksjonshemma	328	258	301
24100	Diagnose, behandling og re/habilitering	437	315	2 840
24200	Råd, rettleing og sosialt førebyggjande arbeid	0	0	114
24400	Barnevernstenesta	65	42	267
25100	Barnevernstiltak i familien (husleigeavtalar)	0	0	79
25300	Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon	-15	-15	0
25400	Pleie, omsorg og hjelp i heimen	-29	-65	1 447
26100	Gloppen sjukeheim	3 605	134	2 991
26500	Kommunalt disponerte bustader	-7 276	-8 693	-7 236
30100	Behandling av plansaker	1 239	1 326	934
30200	Bygge- og delesaksbehandling og seksjonering	178	282	1
30300	Kart og oppmåling	552	344	652
31500	Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak	-42	-40	-40
32000	Kommunal næringsverksemd	-219	35	-43
32500	Tilrettelegging og hjelp for næringslivet	-423	-1 694	-1 694
32900	Landbrukskontoret og landbruksnæringar	2 621	3 211	2 567
33000	Samferdslebedrifter/transporttiltak	-134	-195	-96
33200	Kommunale veier, miljø og trafikksikkerhetstiltak og parkering	6 434	5 276	6 048
33500	Parkar, torg og idrettsanlegg	982	420	1 207
33800	Førebygging av brann og andre ulukker	677	548	255
33900	Beredskap mot brann og andre ulukker	5 331	5 607	5 033
34000	Produksjon av vatn	1 759	1 280	1 485
34500	Distribusjon av vatn	-1 759	-1 797	-3 460
35000	Avløpsrensing	7 760	7 237	5 931
35300	Avløpsnett/innsamling av avløpsvatn	-7 760	-8 463	-10 726
35400	Tøming av slamavskillarar og septiktankar	0	195	167
36000	Naturforvaltning og friluftsliv	117	73	-68
37500	Museum (festeavgift)	0	0	53
38000	Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg	10	5	5
38100	Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	461	5	173

## Årsbudsjett 2021 – økonomiplan 2021-2024

38500	Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg	1	0	0
<b>TOTALT</b>		<b>31 289</b>	<b>31 006</b>	<b>26 701</b>

\*Utgår i 2020

### Kort om kvar teneste

#### 12010 Administrativ leing

Tenesta består av personar og utstyr (datalisensar) for arbeid med eigedomskatt. I tillegg ligg inntekter og utgifter knytt til kommunens festeavtalar.

Gjennom innsparingsprosjektet er det kutta kostnadar innanfor denne tenesta som er ein kontingent til KS Eigedomsskatteforum.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

74	reduksjon på fagleg oppdatering.	-12 000
----	----------------------------------	---------

#### 12100 Eigdomsforvaltning

Omfattar drift av eigdomsavdelinga Under dette kjøp av maskiner og utstyr, og drift av alle kommunale bilar. Vedlikeholdspotten på kr. 810.000, som skal nyttast til vedlikehald av kommunale bygg, ligg også inne i denne tenesta. Årsaka til auken i utgiftene er knytt at heile stillinga til eigdomsavdelinga er ført på drift. Før har mellom 40 – 60 % av stillinga vært ført på investering. Totalt utgjør denne endringa 361 000 kroner i auka lønsutgifter i høve til 2020. Frå og med 2020 ble forsikringar knytt til eigedom ført på denne tenesta. Forsikringar utgjør 555 000 i 2020 og 615 000 i 2021.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

74	reduksjon på fagleg oppdatering.	-39 000
85	fjerne støtte til fagbrevutdanning	-25 000
44002	Drift av nytt tilbygg GO	30 000
440014	Drift av nytt Blållysbygg	30 000
4400-9010	Reduksjon på bruk av kurstenester	-30 000
4400-9015	Reduksjon på kjøp av maskiner og utstyr	-71 000
9000-23	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-206 000
<b>Total</b>		<b>-311 000</b>

#### 13000 Gloppen heradshus

Omfattar drift og vedlikehald av Gloppen heradshus.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

9000-23	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-34 000
---------	------------------------------------------------------	---------

#### 19000 Interne serviceeiningar (vil gå i 0,-)\*

Dette tenesteområdet vil gå i 0. Då internfakturering utgikk i 2020 er området brukt til å få ein oversikt over lønsutgiftene. Summer vil bli fordelt på alle tenestene under etter timelister. Dette er ein rekneskapsteknisk føring for å sjå forventa lønsutgifter på einingane komunalteknikk og eigedom. Utgår i sin heilhet frå og med 2021 då lønsutgiftene framover blir ført direkte der dei høyrar heime.

#### 20100 Barnehage

Dette gjeld leige av lokalar. Overført frå oppvekst.

#### 20200 Grunnskule

Dette gjeld leige av lokalar. Overført frå oppvekst.

### **21300 Vaksenopplæring**

Omfattar reinhaldstenester og husleige i Gloppen opplæringscenter (GOS) sine lokalar. Leigeutgiftene er flytta inn til eigedomsavdelingen frå og med 2021. Dette aukar kostnadene med 630 000 kroner. Budsjetterte kostnader knytt til reinhald og vaktmeistertenester aukar frå 101 000 kroner i 2019 til 229 000 i 2021. Denne auken kan bare forklarast med at vi har nytta mindre reinhaldarar enn budsjettert i tidlegare år (ressursane er nytta andre stader enn planlagd), det same går for vakmeistertenesta. Totalt har lønsutgiftene knytt til alle reinhaldstenester gått ned med 155 000 kroner i høve til 2019.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-2 000
----------------	------------------------------------------------------	--------

### **22100 Førskulelokale og skyss (Barnehagane)**

Omfattar drift og vedlikehald av dei kommunale barnehagane på Sandane, Hyen og Reed. Kostnadar til stell av fellesareal, som t.d. plenklipping som er inkl. i innsparingsprosjektet, vil m.a. påvirke denne tenesta.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>83</b>	ikkje tilsette sommarhjelp	-9 000
<b>84</b>	vakthold på Grandane	-2 000
<b>89</b>	brukarbetaling på kommunale bygg	-20 000
<b>93</b>	endring av reinhaldsstrukturen	-20 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-61 000
	<b>Total</b>	<b>-112 000</b>

### **22200 Skulelokale**

Omfattar drift og vedlikehald av dei 5 skulane i kommunen. I tillegg til desse har vi vedlikehaldsutgifter for Nesjane skule og Vestre Hyen skule som ikkje er i drift av kommunen lenger. Dei to sistnemnde er med i kommunen si vurdering for ev. avhending.

Kostnadar til stell av fellesareal, som t.d. plenklipping, som er inkl. i innsparingsprosjektet vil m.a. påvirke denne tenesta.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>83</b>	ikkje tilsette sommarhjelp	-9 000
<b>84</b>	vakthold på Grandane	-4 000
<b>89</b>	brukarbetaling på kommunale bygg	-70 000
<b>93</b>	endring av reinhaldsstrukturen	-30 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-61 000
	<b>Total</b>	<b>- 174 000</b>

### **23200 Førebygging- helsestasjon og skulehelsetenesta.**

Omfattar drift og vedlikehald av helsestasjonen som er lokalisert på Grandane.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>84</b>	vakthold på Grandane	-18 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-7 000
	<b>Total</b>	<b>- 25 000</b>

### **23400 Aktivisering og støttetjeneste til eldre og funksjonshemma**

Omfattar drift og vedlikehald av aktivitetssenteret (dagtilbodet og Solsikka).

Tiltak som er lagt inn i budsjettet

<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-21 000
----------------	------------------------------------------------------	---------

### **24100 Diagnose, behandling og rehabilitering**

Omfattar drift og vedlikehald av lokala til legesenteret på Grandane. Dette er leigelokale som vi ikkje har ordinære vaktmeisteroppgåver i.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>84</b>	vakthold på Grandane	-48 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-19 000
	<b>Total</b>	<b>-67 000</b>

**24200 Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid** Reinhaltsutgifter som ikkje har vært ført på denne tenesten før.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-2 000
----------------	------------------------------------------------------	--------

### **24400 Barnevernstenesta**

Omfattar drift og vedlikehald av lokala til barnevernstenesta på Grandane. Er no budsjettet korrekt i høve til planlagt reinhald og vakmeistertenester. Forklarar rundt 50 000 kroner av auken. Husleige er overført til teknisk. Forklarar 160 000 kroner av budsjett auken.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>84</b>	vakthold på Grandane	-7 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-3 000
	<b>Total</b>	<b>-10 000</b>

### **25300 Pleie omsorg, hjelp til rehabilitering i institusjon**

Omfattar vaktmeistertenester med hjelpemidlar som rehabiliteringstenesta organiserer.

### **25400 Pleie, omsorg og hjelp i heimen**

Omfattar drift og vedlikehald av lokala til Sandane heimeteneste på Grandane. Dette er leigelokale som vi ikkje har ordinære vaktmeisteroppgåver i.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>84</b>	vakthold på Grandane	-11 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-5 000
	<b>Total</b>	<b>-16 000</b>

### **26100 Gloppen omsorgssenter**

Omfattar drift og vedlikehald av Gloppen omsorgssenter. Tilbygget er ferdigstilt, og skal takast i bruk etter nyttår. Det er lagt inn eigne tiltak for auka behov for reinhaldsressursar tilsvarande ei full stilling og andre driftskostnader.

Kostnadar til stell av fellesareal, som t.d. plenklipping, som er inkl. i innsparingsprosjektet vil m.a. påverke denne tenesta.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>83</b>	ikkje tilsette sommarhjelp	-8 000
<b>89</b>	brukarbetaling på kommunale bygg	-10 000
<b>44001</b>	Drift av nytt tilbygg GO - Reinhald	444 000
<b>44002</b>	Drift av nytt tilbygg OG - Byggkostnader	350 000
<b>4400-9013</b>	Korrigerte straumutgifter	-100 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-209 000
	<b>Total</b>	<b>467 000</b>

### **26500 Kommunalt disponerte bustadar**

Omfattar drift og vedlikehald av kommunale bustader der det er inkludert husleigeinntekter.



Kostnader til stell av fellesareal, som t.d. plenklipping, som er inkl. i innsparingsprosjektet vil m.a. påvirke denne tenesta.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>83</b>	ikkje tilsette sommarhjelp	-9 000
<b>86</b>	Reduksjon av vaktmeistertenester	-112 000
<b>89</b>	brukarbetaling på kommunale bygg	-10 000
<b>440011</b>	Behandling veggdyr	150 000
<b>4400 – 9011</b>	Reduksjon i kjøp av varer og tenester	-40 000
<b>4400 - 9017</b>	Reduksjon i kjøp av servicetenester	-50 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-216 000
	<b>Total</b>	<b>-287 000</b>

### **30100 Behandling av plansaker**

Utarbeiding, behandling, kontroll og konsekvensutgreiingar av planar etter plan- og bygningslova. Gjeld både arbeid med reguleringsplan, og kommunedelplanen sin samfunnsdel og arealdel.

Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel vil halde fram i 2021. Dette gjeld også for reguleringsplanen for Åsen-Evebø som er venta avslutta i 2021. Gjennom innsparingsprosjektet er det kutta kostnader tilsvarande kr. 35.000 på denne tenesta (lisensavgifter).

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>74</b>	reduksjon på fagleg oppdatering.	-35 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-12 000
	<b>Total</b>	<b>-47 000</b>

### **30200 Bygge- og delesaksbehandling og seksjonering**

Saksbehandling og kontroll knytt til søknadar om tiltak etter plan- og bygningslova. Arbeidet omfattar behandling av konsekvensutgreiingar av tiltak, behandling av søknadar som krev dispensasjon frå byggesaksreglane, behandling av søknadar om oppretting eller endring av eigedom, ekspropriasjon, behandling av søknadar om ansvarsrett og klagebehandling. Saksbehandling etter lov om eigarseksjonering og utsleppsløyve etter forureiningslova.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>74</b>	reduksjon på fagleg oppdatering.	-12 000
-----------	----------------------------------	---------

### **30300 Kart- og oppmåling**

Omfattar etablering og drift av kommunens kartgrunnlag og geoteknisk grunnlag. Førning av matrikkelen. Oppmålingsforretning etter matrikkellova og adresseforvaltning.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>9000-22</b>	Auka salsinntetker	-10 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-7 000
	<b>Total</b>	<b>-17 000</b>

### **32000 Kommunal næringsverksemd**

Omfattar drift og vedlikehald samt utleige av lagerhall på Kattahamrane (Bano-hallen). Innsparingsprosjektet forventar ei viss auke i leigeinntektene, då det er nokre leigeobjekt som har eit leigenivå sum er under marknadsverdi.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>440014</b>	Drift av nytt Blåsløybygg	-66 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-12 000
	<b>Total</b>	<b>-78 000</b>

### **32500 Tilrettelegging og hjelp næringsliver**

Utgifter og inntekter knytt til utleigebygg til Strukturplast (NTU-bygget) på Kleivedammen er ført på denne tenesta.

### **32900 Landbrukskontoret og landbruksnæringa**

Denne tenesta er fordelt på to ulike ansvarsområder landbrukssjefen og eideomsavdelinga.

#### Landbrukssjefen:

Saksbehandling, kontroll og rettleiing etter jordlova, konsesjonslova, skogbrukslova, odelslova og andre landbruksrelaterte lover og viltlova. Førstelineteneste for Innovasjon Norge. Forvaltning og kontroll av dei økonomiske verkemidla i landbruket, som t.d. produksjonstilskot, regionalt miljøtilskot, tilskot til tiltak i beiteområde, skogfond, mm.. Arbeid knytt til landbruk og jordvern i sakar etter plan- og bygningslova. Innsparingsprosjektet legg opp til å kutte støtte til veterinærvakt.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>81</b>	Fjerne delar av støtte til veterinærvakt	-300 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-3 000
	<b>Total</b>	<b>-303 000</b>

#### Eigedomsavdelinga:

Omfatta forsikring av kommunegarden i Bukta.

### **33000 Samferdselsbedrifter / transporttiltak**

Utgifter og inntekter til m.a. drift av kai på Hestenesøyra og Kattahamrane ligg til denne tenesta.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-8 000
----------------	------------------------------------------------------	--------

### **33200 Kommunale vegar, miljø, trafiksikkerheitstiltak og parkering**

Utgifter og inntekter knytt til drift, vedlikehald, utbetring og bygging av kommunale vegar, gang- og sykkelstiar, vei – og gatelys, samt andre tiltak/konstruksjonar for køyrande og tiltak/konstruksjonar for å ivareta miljø og tryggleik for mjuke trafikantar.

Innsparingsprosjektet legg opp til å redusere omfanget/kvaliteten på kantklipping, sommar- og vintervedlikehold tilsvarande eit årleg beløp på kr. 230.000. Interne ressursar vil då bli nytta innanfor sjølvkostområde på vatn og avløp. Vidare ligg det inne eit forslag om å overføre ansvaret for enkelte kommunale vegar til private, tilsvarande ein kostnadsreduksjon årleg på kr. 50.000, samt ein reduksjon i driftstid på gatelys, tilsvarande ein kostnadsreduksjon på kr. 15.000. Kommunedirektøren vil utgreie dette nærmare.

Det ekstra tiltaket som er føreslege, er knytt til ein endå kraftigare reduksjon på sommarvedlikehald på dei kommunale vegane. Dette vil innebere at det ikkje blir gjennomført grusing, høvling, salting, grøfterens, kantklipping, skoging etc.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>74</b>	Reduksjon fagleg oppdatering	-7 000
<b>75</b>	Auka bruk av eigenkontroll av bruer	-50 000
<b>76</b>	Reduksjon på bruk av overtid	-64 000
<b>77</b>	Redusert kvalitet på kanstlått, sommar og vintervedlikehald	-292 000
<b>78</b>	Bakvakt på veg i Ommedal	-11 000
<b>79</b>	Reduksjon av driftstid på gatelys	-15 000
<b>80</b>	Nedlegging av kommunale vegar	-50 000

## Årsbudsjett 2021 – økonomiplan 2021-2024

<b>4100-3</b>	Arbeid i investering veg	-300 000
<b>4100-4</b>	Kutte ut sommarvedlikehald på kommunale vegar	-500 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-276 000
	<b>Total</b>	<b>-2 565 000</b>

Inntektene til tenesta blir redusert med 360 000 kroner.

Vedlikehaldsutgifter knytt til materialkjøp utgjør 500 000 kroner, ned 330 000 frå 2020.

Det er forventa brøytekostnader på 2 600 000 i 2021.

### **33500 Park, torg- og idrettsanlegg**

Omfattar drift av kommunale idrettsanlegg inkl. klipping av kommunale grasbaner til fotball, opparbeiding, drift og vedlikehald av offentlege plassar som t.d. Sandane sentrum, gjestebrygga.

Innsparingsprosjektet legg opp til å kutte kostnader til innleie av sommarhjelp tilsvarende kr. 35.000, som vil få innverknad på drifta som ligg til denne tenesta.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>83</b>	Ikkje ansette sommarhjelp	-35 000
<b>4100-9008</b>	Reduksjon på bruk av overtid	-37 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-46 000
	<b>Total</b>	<b>-118 000</b>

### **33800 Førebygging av brann og andre ulykker**

Omfattar arbeid knytt til førebygging av brann, og då primært feiartenesta. Mykje av inntektene og utgiftene knytt til dette arbeidet ligg innanfor sjølvkostområde.

Det er budsjettert med ei auke knytt opp imot utdanning (fagbrev ) til feiar, samt auke i lønn som følgje av avslutta utdanninga. Vidare vil den totale arbeidsmengda gå opp som følgje av feiing og tilsyn av fritidsbustadar og hytter i kommune, og konsekvensen av dette må sjåast opp imot inntektene sidan dette er eit sjølvkostområde.

Innsparingsprosjektet legg opp til å kutte til innkjøp av datalisens til opplæring innanfor brannvern, og dette vil då bli gjennomført med eigne ressursar etter ei prioritering av oppgåvene. Vidare er opplæring av nye brannmannskap utsett så lenge som råd innanfor gjeldane lovverk.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>82</b>	Brannvernopplæring, auke bruken av eige mannskap	-20 000
-----------	--------------------------------------------------	---------

### **33900 Beredskap mot brann og ulykker.**

Denne tenesta er fordelt på to ulike ansvarsområder; brann og redning og eigedomsavdelinga.

#### Brann og redning:

Omfattar arbeid knytt til brannvesen, oljevernberedskap og anna arbeid innanfor beredskap mot brann og ulykker. Drifta av denne tenesta blir styrt av dei ulike hendingane som oppstår gjennom året, i tillegg til dei faste øvingane som blir gjennomført. Innanfor dette fagfeltet vil øvingsaktiviteten måtte reduserast meir enn det som er ønskjeleg i ein normalsituasjon.

#### Eigedomsavdelinga:

Omfattar drift og vedlikehald av brannstasjonane i Hyen og på Sandane. Vi leiger også ut ei bueining i 2. et. i brannstasjonen på Sandane.

Driftskostnader for Blålysbygget ligg inne som eit eige tiltak.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

## Årsbudsjett 2021 – økonomiplan 2021-2024

<b>74</b>	reduksjon av fagleg oppdatering.	-12 000
<b>440014</b>	Drift av nytt Blålysbygg	405 000
<b>4300-1</b>	Auka husleige Byrkjelo grunna påbygg brannstasjon	100 000
<b>4300-2</b>	Auka husleige Hyen grunna påbygg brannstasjon	50 000
<b>4300-9010</b>	Reduksjon i kjøp av kurstenester.	-100 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-100 000
	<b>Total</b>	<b>343 000</b>

### **34000 Produksjon av vatn**

Tenesta omfattar alt arbeid knytt til produksjon av drikkevatt og det som ligg under; vassinntak, filtrering/reinsing, vassprøver etc.

### **34500 Distribusjon av vatn**

Omfattar alt av kommunalt leidningsnett, pumpestasjonar, høgdebasseng og arbeid med gebyr for kommunal vassforsyning.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>4100-2</b>	Arbeid i investering VA	-601 000
---------------	-------------------------	----------

### **35000 Avløpsreinsing**

I denne tenesta ligg arbeid med reinseanlegg og utslepp på Byrkjelo reinseanlegg, vassprøver av avløpsvatnet.

### **35300 Avløpsnett/innsamling av avløpsvatn**

Omfattar pumpestasjonar, overvassløp, leidningsnett for avlaup og overvatn, samt arbeid med gebyrinntekter.

### **35400 Tømming av slamavskillarar og septiktankar**

Denne tenesta blir no utført av NOMIL etter avtale med Gloppen kommune. Utgiftene her skal over på korrekt teneste då dei tilhøyrer septik knytt til kommunale bygg (ikkje lenger sjølvkost).

### **36000 Naturforvaltning og friluftsliv**

Funksjonar opp imot koordinering av miljøarbeidet i kommunen, og utarbeiding av miljø- og naturressursprogram. Viltforvaltning og viltneimnd mm.

Innsparingsprosjektet legg til grunn å fjerne skotpremie på rev.

Tiltak som er lagt inn i budsjettet:

<b>81</b>	Skotpremie på rev	-10 000
<b>9000-23</b>	Reduksjon av kjøp av varer og tenester til 2019 nivå	-1 000
	<b>Total</b>	<b>-11 000</b>

### **37500 Museum**

Festeavgift, blir vidare fakturert til museet. Er inntektsført på kultur.

### **38000 Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg**

Omfatta forsikringar og avgifter på speakerbygget på Byrkjelo stadion og Myklebustflata i denne tenesta.

### **38100 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg**

Omfattar avgifter og vedlikehald på Stadionbygget på Byrkjelo stadion.

### **38500 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg**

Denne tenesta omfattar forsikringar på stallane på Øyrane.

### **Kommentarar til investeringsbudsjettet**

#### **Investeringar innanfor kommunalteknikk, ansvar 4100.**

##### Re-asfaltering av kommunale vegar, teneste 33200

Kommunen har framleis lange vegstrekningar utan fast dekke, og har over ein lengre periode brukt 1 mill. årleg på denne typen utbetningsarbeid. På lange strekningar har utbetninga gått over fleire år. Det eine året har ein utført utskifting av berelag, grøftarbeid, stikkrenner. Dette er ei klargjering for asfaltering påfølgjande året. Planen er å utarbeide ein kommunal vegplan i løpet av planperioden, slik at det vert lettare å få ei samla oversikt over dei kommunale vegane.

##### Trafikktryggingmidlar og sikringstiltak.

Dette har i mange år vore kommunen sin eigendel når vi har søkt fylkeskommunen om støtte til trafikktryggingmidlar (TIK-midlar). Basert på kommunen sin oppdaterte trafikktryggingplan, har politikarane prioritert ulike tiltak kor disse midlane skal brukast. Dette er tiltak som er retta mot dei yngste og mjuke trafikantar.

##### Utskifting av gatelys til målt forbruk

Vi har eit etterslep på oppgradering av gatelys og anna utstyr på 2-3 mill. Vi har ei avtale med SFE om at vi i løpet av ein 10-årsperiode skal få innarbeidd etterslepet. Vi har 1.500 stk. gatelys, og løpande utskifting er naudsynt. Det beløpet som er sett av i budsjettframleggeter naudsynt for å klare dette. Nye gatelys har LED-armatur. Strekningane får eige styringsskap. Dette vil gjere det mogleg å tidsstyre gatelysa dersom det vert naudsynt.

##### Utbetring av kommunale vegar

Kommunen har totalt 60 bruer, og behovet for midlar til vedlikehald er stort. I tillegg er det eit stort behov for sikring av kommunale vegar med rekkverk på utsette plassar.

##### Utskifting av maskiner og utstyr, teneste 33200 Kommunale vegar

Det er stort behov å skifte ut ein av varebilane som blir nytta innanfor avdeling for kommunalteknikk. Avdelinga har i dag to mindre lastebilar av typen Mercedes Sprinter, og den eldste av bilane er ein 2009-modell. Bilane blir nytta dagleg til utkøyring av varer til VA-prosjekt, vedlikehald av vegane med grusing og fylling av holer, og ikkje minst strøing av kommunale vegar.

#### **Investering innanfor brann og redning, ansvar 4300**

##### Fyrsteinnsatsbil i Hyen

